# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1 • Januar 2018 • 51. ÅRGANG



## *Song og musikk i kyrkja*

**Ytre Arna barnevokal syng på felleskonsert i Ytre Arna kyrkje 17. desember.**
(Foto: Tor Oddvar Holmefjord)



**Draumkvedet for 20. gong**
Side 5-7



**Engasjert i flyktningarbeidet**
Side 9



**– Den kjekkaste spelejobben me har.** Side 2-3

# En helt spesiell stemning

**– Juletrefestene i Klubben har en helt spesiell stemning. Her er en egen ro. Det er hjemlig, koselig og kjekt, sa Kjell Nese i sin andakt på juletrefesten i Klubben for funksjonshemmede 6. januar.**

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS



***HAR SPILT 43 GANGER PÅ JULETREFESTEN:** – Den kjekkeste spillejobben vi har, sier Tone Hetlevik i Haus Musikklag om å spille på juletrefesten for Klubben for funksjonshemmede.*

Kjell Nese var ofte innom Klubben i de årene han var sokneprest i Arna. Juletrefestene har vært holdt årlig her siden 1972, de aller fleste i regi av Foreldrelaget for funksjonshemmede.

Turid Mjelde og Asbjørg og Magnus Heggertveit har vært med helt fra starten.
– Vi i Arna menighet er heldige som har et så flott tilbud som Klubben, sa Kari Secher, lederen av Arna sokneråd, som takket dem for innsatsen og overrakte blomster.

Det fikk også Tove Skjoldal og Anita Aasheim for mangeårig kjøkkentjeneste for Klubben.

Haus Musikklag har spilt på disse juletrefestene 43 ganger. Tone Hetlevik i Haus Musikklag sier at dette er den kjekkeste spillejobben musikklaget har, og et av årets høydepunkter.

– Vi gleder oss til å spille på denne festen. Det er blitt en tradisjon og en selvfølge at vi kommer hvert år, sier hun.

– Jeg husker en gang at været var så dårlig at Osterøybroen var stengt. Men vi skulle jo på juletrefesten, og tok fergen til Breistein for å komme fram. For oss er dette en flott start på et nytt år. Det er en tradisjon vi setter veldig stor pris på.

– Det var ikke plass for Jesus i herberget. Han kom som en fattig til denne verden og ble lagt i en krybbe i en stall, sa Kjell Nese i sin andakt, og minnet oss om 2017 var et vanskelig år for de 65 millioner flyktningene i verden.

Dette gjør juleevangeliet både aktuelt, nærgående og utfordrende. Jesus var verdens mest berømte flyktning, slik Jan Egeland i Flyktninghjelpen sa det i Ole Torp sitt TV-program nylig.



***SA DET MED BLOMSTER:*** *Kari Secher, soknerådsleder i Arna (lengst til høyre) delte ut blomster til (fra venstre) Turid Mjelde, Asbjørg og Magnus Heggertveit, Tove Skjoldal og Anita Aasheim.*



***PØLSEKOKINGENS KUNST:*** *Festleder og pølsekoker Hans Martin Svarstad er nøye på at det skal være nok buljong i vannet pølsene skal trekke i.*



## BABYSANG

(Vi fylgjer skuleruta og har ikkje babysang på fridagar.)

Dette er ein fin møteplass for deg som er heime med ein baby. Her blir det sang, rytme og bevegelsesleik tilpassa barna. Kaffi, te og kjeks/frukt etter sangstunda.

Tid og stad: **Loftet i Arna kyrkjelydshus torsdagar kl. 10.30-12.00**

Kr. 20,- kvar gong, inkl. servering. Ta gjerne med matpakke. Vognparkering i kjellaren ved kontora.

DEN NORSKE KYRKJA
Arna kyrkjelyd

Facebook:
Babysang i Arna

**Temasamlingar i Arna kyrkjelydshus:**

## Der det nye livet lever

Temakveldar i Arna kyrkjelydshus våren 2018, tysdagar kl. 19.00.

- 6. februar: Annie Schaug: Den heilage ande og andre ånder
- 20. februar: Arne G. Skagen: Endeleg måndag. Kvardagsevangelisering for alle
- 6. mars: Jan Kåre Jakobsen: Støypt i same form? Å ha som prosjekt å bli meir Kristus-lik
- 3. april: Kari Myhr: Kven er eg, og kven har Gud skapt meg til å vera?

*Arr.: Arna sokneråd*

## Faste aktivitetar i Arna kyrkjelyd

- Babysang kvar torsdag på loftet i kyrkjelydshuset kl. 10.30-12.00. Sang og aktivitetar for dei små, og prat, frukt og kaffi/te til foreldra! Kr. 20,- kvar gong. Vognparkering i kjellaren ved kontora.
- Sakkeus open barnehage møtest kvar måndag kl. 9-15 i kyrkjelydshuset. Songstund kl. 11, og deretter matpakke-lunsj. Innan opningstida kan du kome og gå når det passar. Tilbodet er gratis, og det er inga påmelding. Følg oss på Facebook: Sakkeus åpen barnehage.
- Søndagsskulen i Arna kyrkje har grupper for alle aldrar! Sjå heimesida vår for datoar.
- Klubben for funksjonshemma møtest kvar onsdag kl. 18-20 i kyrkjestova. Vi spelar spel, har hobbyaktivitetar og kosar oss med noko godt å eta. Ein gong i månaden har vi klubbgudsteneste i kyrkja. Nye medlemmer er hjarteleg velkomne! Kontakt gjerne leiar på tlf. 47 25 60 69 om du lurar på noko.
- Bønesamlingar i kyrkjelydshuset kvar tysdag kl. 10-11.
- Strikkeklubb i kyrkjestova siste torsdag i månaden kl. 20. Sjå heimesida for meir informasjon.

Dei fleste aktivitetane våre har stengt ifølge skulen sine feriar og fridagar. Følg med på www.arnakyrkje.no og Facebook: Arna kyrkjelyd for nærare info.




## Noa åpen barnehage

Noa åpen barnehage ligger i Ytre Arna, i kyrkjelydhuset bak kirken. Vi har åpent tirsdag og onsdag 09-14.30 og torsdag 09-14. Vanlig dagsprogram er:

- **Kl. 09.00-11.00:** Lek og aktivitet
- **Kl. 11.00:** Samlingsstund
- **Kl. 11.30:** Felles smørelunsj (20 kroner per voksen, barn gratis).
- **Etter lunsj:** Lek og aktivitet.

*Velkommen til en sosial og koselig dag i Noa åpen barnehage.*

Mvh Irene Liseth, styrer i Noa åpen barnehage

## TGIF i Ytre Arna

Det er TGIF i Ytre Arna fredag 16. februar. Tema: «Elsk deg sjølv og naboen». Kvelden byrjar på Ytre Arna bedehus kl. 19.00 med ymse sosialt samvær, ymse aktivitetar og litt å bita i. Kl. 21.00 er det gudsteneste (Friday gospel) i kyrkja. Så er bedehuset ope fram til kl. 23.00.

## Laurdagsgraut og litt til

Stikk innom i Arna kyrkjelydshus følgjande datoar kl. 12-15, og ta laurdagsgrauten i godt selskap! I tillegg til risengrynsgraut med tilbehør, saft og kaffi, blir det leikekrok og kjekke aktivitetar for heile familien.

- **20. januar:** graut og hobbymarknad. Har du ein hobby? Benytt sjansen til å selja ting du har laga sjølv, eller til å kjøpa handlaga bruksting og gåver!
- **10. februar:** graut og fastelavnsris-verkstad
- **17. mars:** graut og påskeverkstad

Arr.: Diakoniutvalet i Arna. Arrangementa er gratis.

## Trusopplæring 2. klassingar




Kom og bli med på to kjekke påske-samlingar. Vi skal høyra den berykta røvaren Barabbas fortelja påske-historia, ha påskeverkstad, eta litt med meir.

**Tysdag 6. mars kl. 17.30 -19.00**
**Tysdag 13. mars kl. 17.30-19.00**

Facebook: Trusopplæring i Arna kyrkjelyd

## Seksårsbok i Ytre Arna

Alle som er fødde i 2012, er spesielt inviterte til familieguds-teneste i Ytre Arna kyrkje 18. februar kl. 11.00. I gudstenesta får alle seksåringane utdelt ei bok med songar og forteljingar frå Bibelen. Velkomen!

PS. Du kan godt ta med deg mor og far, sysken, besteforeldre og slektningar elles.

# Song og musikk i kyrkja

- Ytre Arna Vokal øver kvar torsdag kl. 19-21 i Ytre Arna kyrkje. Leiar: Anita Frekhaug (mobil 934 97 968). Dirigent er Bjørn Bergmann. Ta kontakt med han for prøvesong. Vi ønskjer alle nye medlemmer velkomen!
- Ytre Arna Barnevokal øver kvar torsdag kl. 17-18 i Ytre Arna kyrkje. Alle born frå 2. klasse og oppover er hjarteleg velkomne til å bli med. Dirigent og leiar er Anita Frekhaug (mobil 934 97 968). Ta gjerne kontakt!
- Ytre Arna kyrkjeband øver i kyrkja kvar tysdag kl. 19-22. Viss du likar å syngja eller spelar eit instrument, ta kontakt med Kristian Selbak (94792291).



*Medlemar frå Ytre Arna vokal syng på felleskonsert i Ytre Arna 17. desember. (Foto: Tor Oddvar Holmefjord)*

# – Vedkjømeleg vakkert

**Tittelen til denne konsertmeldinga er orda primus motor Brynhild Utne brukte då ho takka Sigrid Moldestad for ei særskild vakker og noko annleis framføring av det gamle visjonsdiktet Draumkvedet.**

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR



***HEIDRA KVARANDRE:** – Du fekk fram tankane og tonane på ein nydeleg måte. Dette må du fortsetja med, oppmoda Brynhild Utne etter framføringa til Sigrid Moldestad. Sjølv opna den populære songaren/folkemusikaren med å be publikum om ein ekstra applaus for Brynhild Utne i og med den mangeårige innsatsen ho har gjort for å vidareføra det gamle visjonsdiktet.*

I tråd med den ytre handlinga i den gamle teksten, har Brynhild Utne sytt for at visjonsdiktet har vorte framført kvar einaste trettandedags jul i Fantoft stavkyrkje like sidan 1999. Kvar gong med ein ny kvedar, og kvar gong framført to gongar same kvelden for så mange som det er plass til i det trange kyrkjerommet der.

Pågangen har vore aukande, og årets framføring blei flytta til Storetveit kyrkje, som var fylt til siste benkerad idet Brynhild Utne introduserte folkemusikaren og artisten Sigrid Moldestad; opphavleg frå Nordfjord, men no busett i Selegrend i Åsane.

## Tolv dagar i djup svevn

– Eg er glad og stolt over at Sigrid ville ta på seg denne oppgåva, innleiar Brynhild Utne. Sigrid Moldestad kvitterar for dei gode orda med å be publikum om ein ekstra applaus for Brynhild; svært fortent i og med den innsatsen ho har gjort for å vidareføra det gamle visjonsdiktet til fleire generasjonar nye lyttarar.

– Eg er veldig glad for å bli spurt. Det er litt skummelt, sidan eg ikkje har gjort det før, så eg har brukt mine tolv dagar i jula på å læra meg det, fortset Moldestad, og legg til at ho kjenner på ærefrykt for å stå her i dag og framføra eit dikt med så lang tradisjon.

Iført ein for høvet svært passande bunadsinspirert «fantasistakk» frå Eva Lie Design i Oslo (evalie.no) byrjar ho med å, i korte trekk, gjenfortelja innhaldet i Draumkvedet.
– Etter å ha søve vekk alle dei tolv juledagane, vakna Olav Åsteson i dag, på trettandedagen. Medan han sov, har han gått den vegen som dei døde går, fortel ho.

Etter å ha vaska svevnen ut or augo, reiser Olav Åsteson til kyrkje, der han fortel kyrkjelyden om opplevingane han har hatt i det hinsidige medan han sov. Om han gjorde det i verseform, er det ingen som veit, heller ikkje om diktet er basert på ein verkeleg person. Etternamnet finst i ulike variantar, men det er Åsteson som har festa seg i den teksten som er mest i bruk i dag. Nokre meinar at dette namnet peikar på Olav den Heilage, sidan mor hans heitte Åsta.

## Opphevar tida

Moldestad opnar med å spela nokre tonar på hardingfela, noko som skapar den rette stemninga av høgtid. Så tek ho fela ned frå kinnet, og kvedar dei fyrste strofane: *«Vi'du me lye, eg kvea kan / um einkvan nytan drengjen / alt um'n Olav Åsteson / som heve sovi so lengji»*. Stemma hennar er lys og krystallklår, og kling godt mellom veggane inne i den vakre steinkyrkja.

Innimellom bryt ho av den songlege framføringa, anten med å ta tonane opp igjen på hardingfela, eller ved å gå over til ei meir forteljande eller resiterande stemme. Dette fungerar godt, og gjer det enklare for publikum å få tak i innhaldet i diktet. *«Så tok eg av på vetterstig / alt på min høgre hònd / der såg eg meg ti paradis / de lyser ivi vene lònd / For månen skin'e / å vegjine fadde so vie»* les ho, og gjentek orda fyrst i song, før ho let melodien dansa ein runde på felestrengane. Ho gjer ein sirkelgang framme i sakristiet medan ho spelar. Så kjem fortsetjinga: *«Der såg eg att'e gumor mi / meg mune 'kji bet'e gange / «Reis du deg ti brokksvalin / der skò domen stande»*.

Me er no allereie halvvegs i diktet, utan at det kjennes slik. Det er som om Draumkvedet har den eigenskapen, at det nærast opphevar tida. Eg ser fleire rundt meg som lukkar augene og lenar seg tilbake, djupt konsentrerte. Kanskje er det innhaldet, kanskje er det det framandarta og likevel velkjende som mange opplever i møte med folkemusikken, eller kanskje det er det reint suggererande ved at den snakkesyngande melodien blir monotont gjenteken gjennom alle dei 52 versa.

*No har Brynhild Utne gjeve frå seg stafettpinnen. Det er berre å håpa at nokon andre plukkar den opp.*

No er det likevel ikkje noko som er monotont ved Sigrid Moldestads framføring. Eg har nemnd vekslinga mellom resitasjon, song og felespel, men ho maktar også å gje oss ei svært dynamisk framføring, og det slår verkeleg gnistar frå hardingfela hennar etter den dramatiske tekstlinja som peikar fram mot dagen då dommen skal falle, sitert over. Ho avsluttar denne bolken med å spela litt på eit lite vind-klokkespel, der dei metalliske tonane minnar om dei klingande overtonane frå tibetanske fingersymbalar («tinsha») når dei vert brukt til meditasjon og i religiøse seremoniar.

## Blomar, klemmar og takksigelsar

Så er me over i diktets femte bolk, med tittelen Den foreløpige dom. Her treffer me erkeengelen Mikael («såle-Mikkjel»), som skal vega alle sjelene i ei skålvekt. Ferda går deretter vidare inn i Dødsriket, med utførlege skildringar både av korleis vonde gjerningar vert løna, og gode. *«De va han Olav Åsteson / no hev 'en tålt sine draume»* avrundar ho, før ho går over i ordlaus song til den same melodien.



**FRAMFØRTE VISJONSDIKT FRÅ MIDDELALDEREN:** *Sigrid Moldestads stemme er lys og krystallklår, og klang godt mellom steinveggane inne i Storetveit kyrkje.*



***STOR INTERESSE:*** *Storetveit kyrkje var fylt til siste benkerad under årets framføring av Draumkvedet.*

Applausen etterpå var stor og lang, og kunne endt i krav om ekstranummer (kva skulle det vore?) om ikkje sokneprest Bjarte Holme hadde gått opp for å avlevera blomar, klemmar og takksigelsar til alle dei involverte. Han takka Sigrid Moldestad for «ei rotekte framføring», før han vende seg til Brynhild Utne.

«Takk for at du har gjort dette mogleg 20 gongar på rad, og takk for at du sit her i dag. Eg veit at du har streva med sjukdom i det siste. Eg er sikker på at det du har fått til her i Storetveit, er unikt i Noreg» sa han. Så tok Brynhild Utne sjølv ordet. Ho takka for dei vene orda, og vende seg mot årets kvedar. «Sigrid; dette var vedkjømeleg vakkert, sa ho. «Du fekk fram tankane og tonane på ein nydeleg måte. Dette må du fortsetja med».

## Songstafett i 800 år

Det underskriv denne meldaren gjerne på, både når det gjeld Sigrid Moldestads sterke innleving i dette middelalderdiktet, og tradisjonen med å framføra det på trettandedagen i Storetveit. Ja, stavkyrkja blei for liten i år; tradisjonen har vakse seg stor og krev no betre plass. Det er å håpa at nye ildsjeler i kyrkjelyden grip tak i tradisjonen og vidarefører den, for det fortenar det nybrottsarbeidet som Brynhild Utne har lagt sjel og innsats i gjennom 20 år.
Samstundes er det verdt å fella ei lita tåre dersom det ikkje blir fleire framføringar av Draumkvedet i Fantoft stavkyrkja. Ja, den er lita og trang, og kaldt var det ofte òg; nokon gongar stod frostrøyken ut av munnen både på kvedar og publikum. Det var likevel noko heilt særeige med å koma dit ein mørk januarkveld, og oppleva Draumkvedet i omgjevnader ikkje ulik dei der det opphavleg har vore framført. Det var som å gå fleire hundreår tilbake i tid; som å ta del i eit fellesskap der forfedrane våre framleis var til stades.

Og då er eg vel framme med noko av kjerna, både i Draumkvedet og i annan stor kunst; den som maktar å ta deg til ein annan stad, og gjev deg ei sterkare kjensle av kva det vil seie å vere menneske. Inni oss er me alle einsame, men fellesskapet rundt musikk og andre kunstopplevingar bind oss saman.

Draumkvedet maktar framleis å spela på strengar djupt inne i oss, slik det har gjort i kanskje så lenge som 800 år, i ein slag lang stafett, med stadig nye kvedarar. Brynhild Utne tok opp denne tråden i 1999, og har sidan presentert oss for 20 ulike kvedarar, kvar med ei ny tolking av det gamle verket. No har ho gjeve frå seg stafettpinnen. Det er berre å håpa at nokon andre plukkar den opp.

## FAKTA




***«FOR MÅNEN SKIN'E, Å VEGJINE FADDE SO VIE»:*** *Kunstnaren Gerhard Munthe (1849-1929) er kjend både for sine særmerkte teikningar til Snorres kongesoger og for den handteikna utgåva av Draumkvedet frå 1904; her vers 14 og 15 frå innleiinga til visjonsdiktet.*

## Draumkvedet

- Draumkvedet fortel om Olav Åsteson, som la seg ned på julekvelden og fall i djup søvn. Trettandags jul vaknar han, då folk er på veg til kyrkja. Medan han sov, har han sett livet etter døden, korleis synder vert straffa, og fått ein glimt av paradiset. Olav rir difor til kyrkja for å fortelja om det han har sett. Etter gamal tru måtte sjela gjera ei lang reise etter døden. Olav Åsteson gjorde denne reisa i levande live.
- Det er mange diskusjonar kring alder, opphav og form på Draumkvedet, sidan ein for det meste berre har funne brotstykke og einskilde vers av diktet. Enkelte meinar at det kan ha oppstått på same tid som det islandske Sólarljóð (Solsongen), som er eit liknande kristent visjonsdikt, nedteikna på Island i byrjinga av 1200-talet. Dette diktet skildrar ein far som, etter at han er død, fortel sonen kva han har opplevd i dødsstunda og i Dødsriket, og formanar alle levande om å leva eit rettskaffent liv.
- Ein veit ingenting om kven som har skrive Draumkvedet, men dei fleste nedteikningane er gjort i Telemark. Magnus Brostrup Landstad nedteikna ein versjon, etter å ha høyrt Maren Ramskeid frå Kvitseid framføre det rundt 1850. I 1890-åra tok professor Moltke Moe brotstykke frå ulike kjelder og sette desse saman til ei utgåve på 52 vers.
- Visjonslitteratur er forteljingar om ferder til den andre verda. Dei mest kjende er Den guddommelege komedien av Dante Alighieri (1265-1321) og Tundals visjon (opphavleg nedteikna av ein irsk munk på midten av 1100-talet). I norsk samanheng står likevel Draumkvedet i ei særstilling.

Abbedissen
begravelsesbyrå as

Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no

ADVOKATGRUPPEN BERGEN
• Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv
• Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.
15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.
Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no • www.agbergen.no



Arna GRAVFERDSBYRÅ
Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen
Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.
Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

Åsane Begravelsesbyrå
v/ Johannes R. Blom
55 18 90 00 Døgnvakt
E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Koba Christensen
BEGRAVELSESBYRÅ
128 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.
• Gratis samtale i hjemmet
• Alle prisklasser - forhåndspris
• Egen blomsteravdeling
• Gravmonumenter
Dreggsallm, 5003 Bergen Telefon: 55 300 800 post@koba.no, www.koba.no

Begravelsesbyrået for byen og distriktet
Solstrands Begravelsesbyrå as
www.solstrands.no
post@solstrands.no
DØGNVAKT · 55 55 16 16
Vår erfaring – din trygghet
Medlem av VIRKE GRAVFERD

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN
- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden
Espen Polden
Heine Polden
Cathrine Polden Misje
Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no
AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50
AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?
Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!
Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.
Fjøsangerveien 207
55 31 80 01
Løiten Lys Bergen
Løiten Lys
www.loiten-lys-bergen.no

Annonsere?
En annonse i menighetsbladene når alle husstander i Arna, Osterøy, Åsane, Salhus, Eidsvåg, Lønborg og Biskopshavn.
For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på
995 50 787

# For den eine, når det trengst

**Marit Bjørsvik har dei siste åra arbeidd som diakon i både Ytre Arna kyrkjelyd og Haukås nærkirke. I denne tida har ho engasjert seg sterkt for flyktningarbeidet i Ytre Arna, og ho har no søkt permisjon frå Haukås for å konsentrera seg heilt om dette.**

TEKST: INGVAR FLØYSVIK



***ENGASJERT I FLYKTNINGARBEIDET:*** *– Ein periode var dei yngste frå Afghanistan mest i fokus, ei anna tid gjeld det dei som har vore her lenge og står i fare for å verta sende tilbake til Etiopia, seier Marit Bjørsvik. (Arkivfoto: Audun Stølås)*

– Ein kan ikkje snakka om flyktningane eller asylsøkjarane som grupper, dei er einskildmenneske med ulike behov, seier ho.

Dette gjer kvardagen lite føreseieleg. Det kan alltid koma opp nye ting, nokon som tek kontakt og treng ekstra hjelp ein periode.

## Ingen dagar er like

– Eg greier ikkje å hjelpa alle alltid. Men litt av poenget med å søkja permisjon frå stillinga ved Haukås nærkirke, er at eg då i større grad kan vera der når det trengst, og henta ned dei ballane som kjem i lufta. Det faste arbeidet som kyrkja driv er viktig, men for meg vert det ofte vanskeleg å kombinera ein oppsett timeplan og faste oppgåver med ynsket om å vera der for dei som treng det, når dei treng det.

Flyktningarbeidet vert difor dynamisk, ein må vera fleksibel. Bjørsvik har nokre faste oppgåver, som Internasjonalt fellesskap på Ytre Arna bedehus (eit samarbeid mellom kyrkjelyden og indremisjonslaget), og ho er også nokså fast med på språkkafeen til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) på Arna mottak. Men elles vert det stor skilnad frå dag til dag, frå veke til veke.

– Arbeidet endrar seg heile tida. Ein periode var dei yngste frå Afghanistan mest i fokus, ei anna tid gjeld det dei som har vore her lenge og står i fare for å verta sende tilbake til Etiopia. Av og til er hovudfokuset på einskildmenneske, andre tider kan ein tenkja litt større, fortel ho.

## Den diakonale identiteten

Flyktningane beveger seg i heile byen. Dei kjenner kanskje nokon som bur andre plassar. Dei ynskjer å vera med på ulike aktivitetstilbod, og har ulike ting dei treng hjelp til. Mange ting er vanskeleg og tungvint når ein er ny i landet og ukjend både med språket og det norske samfunnet. Diakonen må kunna samarbeida med ulike kristne forsamlingar og organisasjonar, som KIA, så vel som offentlege instansar og andre som er opptekne av flyktningane si velferd. Ein må vera open. Det er ein god del nettverksbygging i dette arbeidet.

– Ser du deg sjølv som sosialarbeidar eller misjonær?
– Det blir ein kombinasjon av diakoni og misjon, alt til si tid, svarar ho.
– Det er meiningsfullt å utgjera ein skilnad på viktige ting i livet, anten det er å hjelpa og støtta praktisk, fylgja til advokat eller lækjar, hjelpa til å fylla ut eit skjema, visa venskap, eller å vera med og leia nokon til trua. Me hadde dåp i Ytre Arna kyrkje under lysmessa 1. sundag i advent. Det var ei stor opplevingg. Fleire andre har òg kome til tru på Jesus.

*Ytre Arna soknerråd har oppretta ein eigen avdeling i rekneskapen for å samla pengar inn til Marit Bjørsviks arbeid. Vil du vera med og støtta, så er kontonummeret 3633.30.02625. Merk innbetalinga «diakon Marit Bjørsvik». Du kan gje ein fast sum kvar månad, eller senda enkeltbeløp.*

# Menighetsbladet presiserer

I vår forrige utgave hadde vi et intervju med ekteparet Laila og Tarald Ueland, som har skrevet en bok der de forteller om hvordan det var å være pårørende til deres datter Lillian Ueland, som døde av nevroendokrin kreft i 2015, 47 år gammel. Hun hadde da levd i seks år med den alvorlige kreftdiagnosen hengende over seg.

En leser reagerer på en uttalelse i intervjuet om at de fleste som får denne typen kreft, dør etter kort tid. Det burde heller stått at «noen dør etter kort tid» i stedet for «de fleste». Lillian hadde også muligens levd med kreften en stund før den ble oppdaget. Straks etter operasjonen på bukspyttkjertelen ble det konstatert spredning til lever og lymfeknuter. Uten å gå nærmere inn på detaljer, kan vi også nevne at Lillian Ueland hadde en sjelden «mellomsvulst», noe som forklares bedre i ekteparets bok (les gjerne side 73-75).

# – Gjør vi de **riktige tingene**, og gjør vi **tingene riktig?**

**Samfunnet endrer seg og rammebetingelsene for kirken endrer seg. Da må kirken ta grep. I 2015 initierte fellesrådet en virksomhetsgjennomgang. Nå er denne sendt ut på høring, med svarfrist 1. mars.**

TEKST OG FOTO: KAROLINE ROSSGÅRD SALHUS




***DIN MENING ER VIKTIG:*** *– Vi ønsker at kirkene i Bergen skal være godt rustet og organisert for de muligheter og utfordringer som ligger foran oss. Dette må høringsinstansene hjelpe oss med, sier kirkeverge Asbjørn Vilkensen (til venstre). Til høyre: Fellesrådsleder Lars Kristian Stendahl Gjervik.*

Hvordan sikre og styrke kirkens nærvær i Bergen? Er kirken i Bergen organisert på en hensiktsmessig måte?

For å gi fellesrådet et best mulig grunnlag til å lede og videreutvikle en bærekraftig kirkelig virksomhet i Bergen, ble det i april 2015 nedsatt et utvalg til å foreta en virksomhetsgjennomgang og utarbeide en samlet vurdering av den totale ressursutnyttelsen i organisasjonen.

– God forvaltning handler også om effektivisering og nytenkning. Det ligger mange positive muligheter i en eventuell bedre utnyttelse av våre ressurser, og vi er forpliktet til å forvalte ressursene klokest mulig til beste for menighetsarbeidet i Bergen. Også politiske signaler om kirkens fremtidige økonomi danner bakgrunnen for at fellesrådet etablerte et utvalg, forklarer kirkeverge Asbjørn Vilkensen.

– Et ansvarlig fellesråd bør med jevne mellomrom komme tilbake til spørsmålene: Gjør vi de riktige tingene, og gjør vi tingene riktig? Herunder om vi er organisert på en effektiv og god måte, sier leder i fellesrådet, Lars Kristian Stendahl Gjervik.

### Tre modeller for samorganisering

Utvalgets arbeid har resultert i rapporten «Virksomhetsgjennomgang av BKF og alle menighetene i Bergen». Denne (samt et høringsbrev) ble i uke 40 sendt ut på høring til alle menighetsrådene, de tillitsvalgte, vernetjenesten, Bispedømmerådet, de tillitsvalgte for prestene, felles miljøutvalg og den enkelte BKF-ansatte. I tillegg oppfordres stabene til å drøfte rapporten og gjerne også avgi en felles uttalelse. Høringsfristen er satt til 1. mars 2018.

– Det er etter mitt skjønn ingen tvil om at det er behov for strukturelle endringer i kirken. Først og fremst fordi samfunnet endrer seg, men også fordi rammebetingelsene for kirken endrer seg. Fokus på effektiv og god drift vil være viktig for å få gjennomført mest mulig arbeid og for å legitimere videre offentlig støtte, utdyper fellesrådsleder Stendahl Gjervik.

Utvalget foreslår ikke at de nye og større stabene skal samlokaliseres, men samorganiseres. Rapporten foreslår omstruktureringstiltak i form av tre ulike modeller for samorganisering av staber, der modell 1 er minst radikal og modell 3 mest radikal, basert på en analyse av de tre hovedområdene: sokne-struktur og kirkebygg, kirkevergens administrasjon, og ressursfordeling knyttet til bemanning i menighetene.

### Større enheter - mer samarbeid

Kirkevergen ser for seg flere positive synergier av en eventuell omorganisering til større arbeidsfellesskap.

– Større enheter vil gjøre den enkelte stab mer robust, og kan i større grad samordne løsninger og oppgaver. En kan legge bedre til rette for og stimulere til faglig samarbeid blant eksempelvis kateketer, ansatte innen trosopplæring, diakoner, kantorer og flere faggrupper. Vi tror også at større enheter vil skape mer standardiserte rutiner for administrasjon og planverk, og at dette også kan gi en effektiviseringsgevinst, forklarer kirkevergen.

Utvalget har i tillegg vektlagt en organisering som legger til rette for flere hele stillinger og mindre administrasjon.

– Større stillinger vil typisk være mer attraktive og skape mindre turnover enn det vi erfarer i dag. Utvalget sannsynliggjør også at samorganisering av staber vil medføre behov for færre administrative stillinger og frigjøre økonomi som igjen kan kompensere for eventuelle svakere inntekter, eller eventuelt finansiere flere operative stillinger i menighetene, utdyper kirkevergen.

### En bred og åpen prosess

Utvalgets arbeid ble avsluttet i mai 2017, og rapporten ble lagt frem for fellesrådet 20. september for videre behandling. Et av punktene i vedtaket for prosessen videre er en bred høring.

– Høringen er en åpen invitasjon til å uttale seg generelt om rapporten og de forslagene som fremkommer i den, og til å foreslå eventuelle andre løsninger som kan svare på fellesrådets mandat til utvalget. Arbeidet har til nå vært en prosess i et nedsatt utvalg. Nå er det viktig at den videre behandlingen blir en bred og åpen prosess hvor ingen konklusjoner er gitt på forhånd, sier kirkevergen.

Når høringsfristen går ut i mars, vil kirkens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) bistå i systematisering av høringsuttalelsene, før kirkevergen fremmer forslag om tiltak til fellesrådet i juni.

– Nå håper vi på en god prosess. Vi ønsker at kirkene i Bergen skal være godt rustet og organisert for de muligheter og utfordringer som ligger foran oss. Dette må høringsinstansene hjelpe oss med, oppfordrer kirkevergen.

*Mer informasjon: bergen.kirken.no/Om-oss/Virksomhets-gjennomgang*




Hva er diakoni? Hva sier Bibelen om dette? Hvorfor er dette så viktig for kirken?
Vårens tre Rasteplass-samlinger setter fokus på diakoniens utfordringer. Med tre ulike innfallsvinkler til temaet inviterer vi til foredrag med påfølgende samtale og enkel servering.
Vi håper å se deg i vår!
Alle samlingene vil også komme på vår facebook-side: **«Åsane kirke- Åsane menighet»**

**Onsdag 24. januar kl. 19.00, Torgstuen Åsane kirke**

***Diakoni- Den bibelske utfordring for kirken***

*VED ØYSTEIN SKAUGE - PROST I ÅSANE PROSTI*
*Bibelsk begrunnelse for utfordringen til kirken.*

**Onsdag 7. mars kl. 19.00, Torgstuen Åsane kirke**

***Hvilket ansvar har kirken?***

*VED ERLING PETTERSEN - TIDLIGERE BISKOP I STAVANGER*
*Hva er dagens diakonale utfordringer? Flyktninger, fremmede? Hvilket ansvar har kirken i møte med disse?*

**Onsdag 11. april kl. 19.00, Torgstuen Åsane kirke**

***Diakonale utfordringer i Åsane***

*VED RITA ELDHOLM - DIAKON I ÅSANE MENIGHET*
*Hvilke diakonale utfordringer har vi i vår hverdag her i Åsane?*

## Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

**v/Tro-Håp-Kjærlighet**

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00
v/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

**www.thk.no**

# Du eier kirken din!

**Er du medlem i Den norske kirke, skal du vite at du eier kirken der du hører til. Jeg bor i Morvik. Salhus kirke er min kirke. Den eier jeg. Sammen med alle de andre medlemmene i kirken, som sokner til Salhus kirke.**

TEKST: EDVIN BRATLI

***MIN KIRKE:*** *«Jeg bor i Morvik. Salhus kirke er min kirke. Den eier jeg. Sammen med alle de andre medlemmene i kirken, som sokner til Salhus kirke» skriver Edvin Bratli. (Teikning: Einar Selvik, Osterøy)*



Det er ikke menighetsrådet, kommunen eller kirkelig fellesråd som eier kirkene. Det er medlemmene. Den juridiske eieren av kirken er soknet. Et sokn er det samme som *«alle medlemmer i Den norske kirke»* som bor innenfor et bestemt geografisk område. Derfor; er du medlem - så eier du en kirke.

Mange forbinder menighetsrådet (på nynorsk: soknerådet) med dem som har ansvar for kirken. Det er bare litt rett. Menighetsrådet har noe ansvar, men det eier ikke kirken. Kirkeloven sier hva menighetsrådet har ansvar for i §9. Det kanskje viktigste i denne paragrafen er følgende: *«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet».*

Menighetsrådet skal arbeide for å få i gang tilbud og aktiviteter for både barn, unge og voksne. Menighetsrådet er en bruker av kirken, og kan bestemme litt av det som skal foregå i kirken.

Som eier av kirken er det vel jeg som bestemmer hvordan den skal drives? Hvem som skal få bruke den? Har jeg ansvar for vedlikeholdet? Nei. Slik innflytelse har jeg ikke. Det er kirkelig fellesråd i kommunen som har ansvar for drift og vedlikehold av kirken min. Det er dette rådet som opptrer på mine vegne, som eier.

I Bergen er det Bergen kirkelige fellesråd som har ansvar for alle kirkene i kommunen. På Osterøy er det Osterøy kyrkjeleg fellesråd som har dette ansvaret. Kirkelig fellesråd er satt sammen av en representant fra hvert menighetsråd, en representant fra kommunen og en fra biskopen. Kirkelig fellesråd har sine oppgaver listet opp i Kirkeloven §14.

